

Å stakkarana kåmmå no, Silke, Salgås, Sylvelin

Om kunamn brukt i Alvdal og Tynset

Av Helga Reidun Nesset

Bakgrunnsstoffet til denne artikkelen er henta frå skriftlege kjelder (skiftebrev), innsamla munnleg tradisjon og utifrå tradisjonar heime.

Å legge på namn på kyrne var eit viktig gjermål i eldre tid. Alle kyr fekk namn som kalvar. Tydinga skulle helst passe på den enkelte kua. Det kunne sjølsagt skje at 'a Litagod slettes ikkje vart ei lita ku, tvertimot ei stor, grovbygd ei. Men visse reglar hadde ein å halde seg etter. Me skal kome inn på tydingar av namna og samansetnaden av desse seinare.

Samtida har òg vore med og lagt grunnlag for kunamna. På 1700-talet og framover heiter ei mengd kyr *Tannros*, *Tannkrone*, *Tannfru* og *Tannfe*. Namna kjem av at kalven er fødd medan ungane på garden var i tannfellinga. Desse namna er meir sjeldan i dag.

I den seinare tid finn me namn som *Norge* og *Danmark*, som truleg avspeglar tida omkring unionsoppløysninga. (Har ikkje høyrd namnet Sverige brukt).

Kvar gard hadde ofte sine namn, og desse gjekk att frå generasjon til generasjon.

Etter kvart som rasen Norsk Rødt Fe voks fram og NRF sitt tidsskrift «Buskap og Avdrått» nådde fram til gardbrukarane i bygdom våre, vart det svært lett vint å plukke fram namn derifrå. Desse var ofte framande i bygdene i Nord-Østerdalen.

Me vil no sjå litt nærare på ulike typar namn, kva som ligg til grunn for desse, korleis dei kunne nyttast og korleis dei vart sett saman.

Samansetnaden av namna

Kunamna er ofte sett ihop av to delar. Den første delen seier litt om utsjånad eller særmerker kua har, t.d. ei brandete ku og ei ku med stjerne i skallen. I tillegg kjem ofte ei endingsform som understreker andre særtrekk, eigenskapar eller sanningar om kua. Den brandete kua kan kanskje få endinga gås, som brukast om hokjønnen. Ho få da namnet *Brandgås*. Kua med stjerne i skallen er også rosete og får endinga ros, og blir heitande *Stjernros*.

Endingar i kunamna

Ikkje alle kunamna har endingsformer, men svært mange. Desse endingane fortel oss litt meir om dyra. Ein veljer her å gruppere desse endingane etter typer.

Hokjønnsendingar

Her finn me: -fru, -møy, -mor, -gås, -dokke.

Utsjånad

Deriblant er: -ros, -koll, -øy, -sid.

Rosande endingar

Kan t.d. vera: -god, -liv.

Særmerker

Her har me: -krone, -stjerne, -fot, -bot.



Andre endingar

Dette kan vera: -lin, -løv, -dyr, -rei, -borg.

Tyding av dei ulike namngruppene

Ein veljer her å gruppere namna etter ulike karaktertrekk og andre ulike grunnlag.

Namn etter utsjånad

Når ein skulle legge på namn var det nokre vesentlege trekk ein måtte ta omsyn til, nemleg utsjånaden. Ei lita

ku, ho kunne også vera den sist fødde, kunne få namn som *Litagod*, *Litamor* eller *Litaros*.

Derimot er namna *Storgod*, *Storros* og *Stormor* mindre brukt.

Raude kyr kunne ha namn som *Raudlin* eller *Rauddyr*. Raudt vart ofte identifisert med metallet gull, så dei same kyrne kunne like gjerne heite *Gulldyr* eller *Gullros*.

I skifte etter Kari Simensdatter på Næss-Enget på Fåset i 1787 blir kua *Gullkrone* seld for å skaffe dek-

ning for gjeld som garden har i «Kongens kasse».

Svarte kyr kunne gjerne ha namn som begynte med Svart- eller synonymer som Mørk-, Sot- eller oppkalling etter metallet sølv. Eit mykje brukt namn er *Sylvelin*. Elles er namn som *Svartros*, *Svartsid* og *Mørka nytta*.

Rosete kyr er òg vanlege. Dessutan er rosete kyr pe- ne og gjeve å få. Her blir ofte endinga -ros hengt på ei meir utfyllande beteingning., t.d. *Skjønros*, *Flekkros*, *Lykkros*, *Kvitros* osv. Men namn som *Rosa* og *Roslin* blir òg brukt. Smårosete kyr, eller droplete kyr vart òg oppkalt etter utsjånaden, *Drople* eller ifølge skifte etter Jon Olson og Maren Olsdtr. Flaten, Alvdal i 1759, der namnet er *Guldriple*.

Brandete kyr er ikkje så vanlege i buskapene lenger. Desse var mest raude med brander/striper i svart. Namna på desse gjekk mesta på utsjånaden, så *Brandros*, *Brandsid* og *Brandgås* var vanlege namn.

Sidete kyr. Dei mest typiske innafor denne kategorien var «Røroskua» som også fans i Nord-Østerdalen. Namn som vart brukte er mellom andre *Fagersid*, *Svartsid* og *Sidros*.

Salete kyr kjem frå tid til anna att som avkom etter seminoksene frå NRF. Men slike kyr var òg meir vanleg i tidlegare tider. Desse fekk ofte namn som *Salgås*, *Salfru* og *Sale*.

Namn etter særmerker

Mange kyr er fødd med enkelte særmerker på kroppen. For det første fans det kyr med og utan horn. Dei kollete kyrne fekk ofte namn som enda på -koll. Namnet *Kolla* var òg brukt. Anne Mikalsdtr. Brandvoll, fødd i 1906, fortel at ho m.a. har hatt ei ku som heitte *Penekoll*.

Kyr med kvitt merke i panna kan få fleire slags namn, som t.d. *Stjerne*, *Krone* og *Perle*. Dersom ein

ønsker seg ei staving til i namnet, sett ein det ihop til *Stjernfru* eller *Kronlin*.

Mye godt var kyrne kvite oppover føtene eller kunne vera kvite i svangene. Da vart namna *Sokke* eller t.d. *Svangros*.



Namn etter lynne

Kjent er det at dyra også har ulikt vesen. Nokre er snille og greie, andre redde og nervøse, nokre er sårbare, medan andre att er rolege og bortimot late. Namn som har med lynne å gjere er også brukt som kunamn. Det mest vanlege var å henge på endinga -god til Jonnagod, men adverbet *Lystig* er vorte ein vanleg kunamn, likeins *Deilig* og *Yndig*.

Namn etter når og kor kua vart fødd

Eit svært vanleg namnegrunnlag er når på året kalven vart fødd. Dette gjeld årstider, månader og ikkje minst høgtider. Med bakgrunn i årstidene finn med desse eksempla: *Sommerløv*, *Vårfru* og *Høstlin*.

Namn frå månadene er: *Mairos, Maiblom.*

Høgtidsfødde kalver var det stas å få. Dese fekk ofte namn etter den høgtid dei kom til i. Namn med tilknytning til jula: *Julgås, Julgave* eller *Julros.*

I skifte fra Flaten, Alvdal i 1759 er ei av kvigene kalt *Nyårsgave*, truleg fødd i nyårshelga.

Påska har ikkje gjeve oss så mange namn som jula. Men i Måna, g.nr. 7 br.nr 17, Alvdal, klarer Erik Toreson å fø 2 kyr (1865), namna på desse er *Mairos* og *Påskros.*

Elles er det vanleg å kalle helgefødde kalver *Helgeros* e.l.

Grunnlaget for oppkalling var òg kva tid på døgnet kalven kom til verda. Namnet *Dagros* er vel eit av dei mest velkjente kunamn her i landet, som er fødd på dagtid forutan å vera rosete. Elles er òg namn som *Kveldsros, Dagmar, Dagkoll* og *Dagmor* nytta.

Staden for fødselen hadde òg sitt å seie. Kalver som vart fødde på setra fekk ofte namn som begynte med Fjell- eller Seter-, eksempelvis *Fjellros, Fjelldyr* eller *Seterlin.*

Dersom kalven vart fødd ute, gjerne i beitemorka, kunne namnet bli *Skauros* eller *Skaudyr.*

Namn tilknytta hendingar

Kalvar som vart fødde i tilknytning til særskilde hendingar har ofte fått meir særeigne namn. Døme på dette er namna *Bytte* og *Minne.*

Dersom ein kalv vart fødd på gebursdagen til ein av folka på garden, vart namnet *Gave.*

Rosande namn

Ein vil gjerne nytte seg av pene og rosande namn når ein ny firføting skal «døpast». Slike namn har til alle tider også vore i bruk. Eksempler på slike er *Fager,*

Lykke, Staslin og *Skjønne.*

Bersvend Moan, Alvdal, fødd 1896, fortalde om «'a Krøstiane på Mo'om», ho var så flink til å lokke. «Krøstiane» var av taterslekt, men åtte eit bruk under Steisandeggmoen. Ho hadde ei ku og gjerne ein kalv attåt, og denne kua gjekk ofte og beitte på enga ved Folla. Da kunne 'n Esten Bergebakka høyre 'a Krøstiane lokka på kua si som heitte *Skjønborg.*

Namn som har tilknytning til garden

Å legge på namn som hadde med garden eller bustaden å gjere var òg svært vanleg. *Gardslykke*, som blir skriva både som lykke og løkke, er eit namn som har vore mykje brukt. Namn som begynner med Bu- er òg vanleg.

I Brekken, øvre (32-2) i Tynset, er den einaste kua kalla *Buros* (skifte etter Embret Knutson, død i 1814). Skifte etter Ole Pederson Kroken og kona Bolette Nilsdotter i 1812 fortel oss namna på kyrne deira, som er: *Stjerne, Jøros* og *Budrev*, alle verdsett til 100 riksdalar. På Flaten i Alvdal i 1732 heiter ei av kyrne *Bustrand.*

Oppattkalling

Å kalle opp att kyr etter er ein kjent tradisjon. Det var oftast slik at ungane fekk ein kalv, som skulle heite opp att etter dei. Denne kalven skulle og helst vera fødd same året. Slike namn er *Hannøy* etter Hanna, *Heigod* etter Heidi og *Eilig* etter Egil.

Sjølv hadde eg ei ku som heitte *Hauglin*, ei svart dø-laku. Ho vart 11-12 år og fekk mange fruktbare døtre.

Namn henta frå synonymar

Ein blir ofte freista til å seie ein og same tingen på flei-

re ulike måtar. Det same gjeld òg kunamna. I tidlegare tider var dei flinkare til å finne fram til slike namn.

På Steihaug (8-1) i Alvdal, i skifte etter Esten Bersveinson i 1832, er desse namna nemnde: *Litaros*, *Løve*, *Rosenøy* og *Gullsnor*. Det siste namnet, *Gullsnor*, må ein ha lov til å tolke, med kjennskap til det gamle dølafæet, mørkebrune kyr med raud ål etter ryggen. Når gull står for raudt, og ålen etter ryggen rett og slett er ei snor, gjev namnet seg sjølv.

Fargen kvit fins det fleire ord for. Det kan vera snø, bleik eller som ei avleiing av kvitsymre, symre.

Til slutt vi eg sitere frå skifte etter Kari Haagensdtr. Næstebye i Alvdal, den 5. juli 1829:

Det som gjeld krøtter:

1 koe kaldet Vaarfrud	6-0-0
1 ditto kaldet Eppelgaas	6-0-0
1 ditto kaldet Rosenlind	6-0-0
1 ditto kaldet Blomgaas	6-2-12

1 ditto kaldet Burød	6-0-0
1 ditto kaldet Tandros	5-0-0
1 ditto kaldet Hovdøie	5-2-12
1 quige 1½ år gammel kaldet Dronning	4-0-0
1 ditto Engebrand	3-0-0
1 ditto Perlros	3-0-0
1 liden tyr	1-0-0

Dei kunamna som her er nemnde er henta frå nedarva tradisjon. Bakgrunnen til det einskilde er kua sin utsjånad, særmerker og vesen, samt livet og miljøet rundt. Namna fortel oss at desse individa ikkje er nokon kven som helst. Det ligg ei sjel og ei meining bak namnet som er med å gjere det til noko vesentleg i kvardagen på garden.

— Ta vare på kunamna som er brukte på garden, og før dei vidare. Da gjer du eit godt kulturvernarbeid som kan gagne både deg og lokalmiljøet.

